



Voss herad



FRITIDSERKLÆRING

VOSS HERAD

Fritidserklæringa i Voss herad bygger på FN sin konvensjon om barn sine rettar, artikkel 31. Denne handlar om at alle barn har rett til å delta i leik, kulturliv og fritidsaktivitetar.

Fritidsarbeidet i Voss herad skal fremja trivsel ved at barn og unge opplever å høyra til eit sosialt fellesskap og gleda ved å ta del i ulike aktivitetar, organisert og uorganisert.

Fritidsarenaen skal vera tilgjengeleg for alle barn og unge i heradet. Ingen skal føla seg utanfor på grunn av kjønn, etnisitet, religion, seksuell orientering, funksjonsvariasjon eller familieøkonomi.

Me skal samarbeida om å fjerna barrierar og ivareta barn og unge sine rettar til medverknad, slik at alle kan delta i fellesskapet.

Alle barn og unge i Voss herad skal ha moglegheit til å delta jamleg i minst ein organisert fritidsaktivitet.

Me har mål om at:

- fritidstilboda i Voss herad er opne, trygge og inkluderande
- alle barn og unge skal finna ein aktivitet dei trivst med
- barn og unge skal utvikla seg og oppleva meistring gjennom fritidsaktivitetar
- økonomi ikkje er til hinder for deltaking
- barn og unge medverkar i utvikling av fritidsfeltet
- barn og unge med funksjonsvariasjonar skal få ei barrierefri fritid
- det vert lagt til rette for at fleire fritidsarenaer vert universelt utforma.

Me når måla ved å:

- ha inkludering i fritidsaktivitet med i planar og strategiar
- jobba for å behalda og å utvikla tilskotsordningar i tråd med behov
- kartleggja og fjerna barrierar for deltaking gjennom universell tilrettelegging av fritidsarenaer
- jobba for å betra transporttilbodet til/frå fritidsaktivitetar
- leggja til rette for at det er enkelt å finna og dela informasjon om aktivitetstilbod
- ha opne gratis møteplassar for barn og unge
- bidra til at barn og unge har fritidstilbod i nærmiljøet
- ha trygge og kompetente aktivitetsleiarar
- leggja til rette for auka og gratis bruk av offentlege lokalar
- invitera barn og unge til å medverka i utvikling av fritidstilbod





Organisering og oppfølging av fritidserklæringa i Voss herad

Voss herad arbeider systematisk med å avdekke barrierer for deltaking i fritidsaktivitetar for barn og unge og leggja tiltrette for lågterskel møteplassar, aktivitetstilbod og sosiale arenaer med trygge vaksne.



Arbeidsgruppe

Det skal opprettast ei arbeidsgruppe som skal fylgja opp arbeidet med fritidserklæringa og rapportera årleg til avtalepartar. Gruppen består av Voss herad (ungdomsavdelinga, støttekontakttenesta, kommunepsykolog, integreringstenesta og skulehelsetenesta), Voss Røde Kors, Kirkens Bymisjon Voss og Voss Frivilligsentral.

Avtalepartar

Partane som har signert fritidserklæringa har ansvar for å følgja opp arbeidet med å realisera målet om fritidsaktivitet for alle barn og unge i Voss herad. Gruppa skal møtast 1 gong i året.

For å sikra at heile kommunen står bak fritids-erklæringa skal erklæringa forankrast og vedtakast i heradsstyret.



Avtalepartar som har signert erklæringa i Voss herad:

Voss heradsstyre v/ ordførar
Jon Edvin Sabotney

Voss herad v/ rådmann
Madsen

Voss Ungdomsråd
Håkon Esjoedli

Voss Innvandrarråd
Nicola Dubé

Råd for MMNF
André Mauril Nettekmed

Voss Kulturråd
Olav Stein

Voss Idrettsråd
Eirik Håge

Voss Frivilligsentral
Pernille G. Høstad

Voss Røde Kors
Mane Kvåle Tverberg

Kirkens Bymisjon Voss
Anthony Tessier

Voss Næringsråd
Robert Romell